

I ein serie på 15 artiklar i VestNytt ta for seg ulike stednamn knytta til regionen. Det er stednamnkonsulent Kjell Eirik Steinbru som har skrive artiklane.



## stednamn

**Om Hjeltefjorden, Krossfjorden, Raunefjorden og Bjørnafjorden.**

I historietimane på skulen lærde me at det øyriket som no er kalla **Shetland**, heitte **Hjaltland** i vikingtida. Skulle ein fara i vesterveg frå Bergensområdet var det ikkje unaturleg at ein sigla nordvestover i den leia som heiter **Hjeltefjorden**. Det blir rekna som nokså sannsynleg at namnet **Hjeltefjorden** heng saman med hankjønnsordet **hjalt/hjelte**, altså shetlandet.

(Andre stednamn som tek til på **Hjelt-** eller **Hjelte-**, kan ha føreledd av inkjekjønnsordet hjalt med meiningsa 'tverstykke, for eksempel på eit sverdhandtak'.) Namnet **Hjelteryggen** på Little-Sotra må reknast som eit sekundærrnamn til fjordnamnet **Hjeltefjorden**.

Om ikkje namnet **Hjeltefjorden** tyder den tvertgåande fjorden, så må dette vera meiningsa å namnet **Krossfjorden**, eller **Korsfjorden** som enkelte seier. **Krossfjorden** som skjer seg ut mellom Austevoll og Sotra, går på tvers av dei meir nord-sør-gåande fjordane i området. I somme dialektar blir ordet **kross** ('krøss') brukt med meiningsa 'vegkryss'. Namnet **Krossfjorden** er og nytt i Vindafjord kommune i Rogaland.

**Raunefjorden** mellom Flesland og Sotra har namn etter ei gruppe holmar som ber namnet **Raunane**. Ordet raun har generelt meiningsa 'steindunge, steingrunn'. I enkelte tilfelle heng namnedleddet **Raun-** saman med trenemninga rogn, som har forma raun/raudn i somme dialektar.

**Bjødn** (eller **Bjørnen** i normert form) er namn på eit nes og eit gard attmed Halgjem. Dette namnet er det som er lagt til grunn for føreleddet i namnet «**Bjødnafjorden**». Fjordnamnet er for ein del feilaktig skrive **Bjørnefjorden**.



**HJERTEUNDERØKING:** Avdelingssjukepleiar, Anne Winsdad, oppfordrar dei innkalla til å møte opp på 40-årsundersøkinga for hjerte- og karsjukdommar. Bussen blir i Fjell til 8. mai.

# 40-åringane i Fjell «må» under lupa

40-åringane i Fjell må no til kontroll i den store «40-års undersøkinga». Til no har 60-70 prosent møtt opp. Avdelingssjukepleiar, Anne Winsdad, oppfordrar alle dei innkalla til å benytte denne store sjansen til å bli undersøkt.

I Fjell er det 1762 personar som er innkalla til den store 40-årsundersøkinga. Det er også innkalla folk som er født i 51, 52, 25, 26 og 27. Alle desse var med på undersøkinga for seks år sidan. Om

ca fem veker får kvar og ein av dei som har møtt opp i år, svar på blodprøver og tilbakemelding om dei er i risikogruppe. Undersøkinga foregår i nært samarbeid med Haukeland sjukhus og kommunehelsenestena.

– Under undersøkinga blir høgd, vekt, hofte- og liv-vidde, blodtrykk, blodsukker og fettstoffer i blodet målt. Dessutan får dei som blir innkalla eit spørrekjemja i posten og dei får med eit spørrekjemja heim som går på kost, fortel Anne Winsdad.

### Livsstilsjukdom

– Korleis ein får hjarte- og karsjukdommar har med livsstil å gjøre. Ein bør komme seg ut og halde på med aktivitet. Arv, røyking og høgt blodsukker kan vere

ein av grunnane til at ein får sjukdommane. Difor kan ein forebygge med å sluttate å røyke og mosjonere meir. Vi gjer ingen moralpreiken, men gjer dei som ynskjer informasjon, kan sjølv sagt fá det, heldt ho fram.

– Det har redusert med at folk har fått hjarte sjukdommar dei siste åra, og det er fordi dei har lagt om livsstilen og har eigenomsorg, seier Winsdad.

Til slutt legg ho til at bussen står utanfor Fjell rådhus kvar dag fram til 8. mai, og ho oppfordrar folk til å komme.

### Vil slutte å røyke

Carsten Troye er ein av dei som var med i undersøkinga for seks år sidan, og han har møtt opp i år også. Han røper at han har prøvd

å legge om livsstilen sin med å prøve å slutte å røyke og ete mindre feitande mat.

– Forige gong stod alt til rimeleg bra, og eg eg føler meg OK, så eg trur det står bra til med meg nå også, seier han smilande.

40-årsundersøkinga er eit samarbeidsprosjekt mellom Statens helseundersøkingar, fylkesleggen og kommunehelsenestena. Formålet er å forebygge hjarte- og karsjukdom, og alle kvinner og menn i aldersgruppa 40-44 år.

LENE SKURVE

## Fjell kommune - NAF: Uavgjort

Midhordland Herredsrett har avgjort en salomonsk dom i striden mellom NAF og Fjell kommune. Fjell må refundere de 400.000 kronene NAF forskutterte for vannledning på Sekkinstad, men slipper å betale NAF erstatning.

– Saksøker har bare delvis vunnet frem med sine krav. Riktignok har NAF fått medhold fullt ut med hensyn til refusjonskravet, men erstatningskravet har vært forgives. Saken må derfor anses som dels vunnet og dels tapt, skriver

dommer Rannveig Sjøvoll i dommen fra Midhordland herredsrett.

Totalt hadde NAF krevd over 800.000 kroner fra Fjell kommune, hvorav 401.375 kroner var tilbakebetaling for forskutterte midler. Fjell hadde på sin side krevd full frifinnung og ingen saksomkostninger. Retten kom altså fram til en dom der begge parter fikk delvis rett, og partene måtte derfor ta på seg sine eigne saksomkostninger. I tillegg må Fjell betale 12 prosent morarente på de forskutterte midlene.

Rettsaken mellom Fjell og NAF dreide seg om hvorvidt Fjell hadde rett til å stanse drifta ved Sekk-

ingstad glattkjøringsbane. Retten kom fram til at Fjell kommune ikke hadde formell hjemmel til å vedta en slik stans, men at slik avgjørelsesmyndighet var lagt til SFT. Det er imidlertid klart at retten fant det riktig av Fjell å vedta slike stans hadde kommunen hatt myndighet til det. Retten slår nemlig fast at det ikke er tvil om det forekom forurensing fra glattkjøringsbanen i form av hvitolje.

Årsaken til at Fjell ikke må betale erstatning til NAF, er i hovedsak at retten fant at kommunen handlet i den tro at den hadde myndighet til å fatte et slikt vedtak.

– Slik retten ser det, står man her overfor et uoversiktlig regelverk, der kompetanse dels er delegert til kommune eller fylkesmann, og dels ligger hos SFT, uten at retten har sett noen klare linjer i dette. Retten har derfor forståelse for at kommunen i dette tilfellet har «grepet feil», skriver dommen.

Formannskapet i Fjell skal behandle saken på formannskapsmøte mandag, og rådmannen anbefaler at dommen ikke ankes.

SVEINUNG TVEIT